



Notat

Dato: 14.08.2019
Arkivsak: 2019/2775-11
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Hagelsundbrua - førebyggjande tiltak

Representanten **Astrid Aarhus Byrknes** (KRF) har stilt slikt spørsmål.

Eg har også tidlegare spurd SVV om der er tiltak som kan gjerast på E39 – Hagelsundbrua i Nordhordland, men ber no om på nytt om noko kan gjerast. Dette går på at brua er dessverre gjenstand for at folk vel å avslutte livet sitt ved å hoppe frå brua. Det er faktisk mange som har gjort dette, men det er også fleire som har prøvd og som heldigvis bla brannvesenet har klart å redde ved at det blei oppdaga at nokon prøvde seg og fekk kontakt med brann og redning samt politi. Eg kjenner til at det har vore gjort fysiske tiltak på bla Askøybrua, og mitt spørsmål er om det ikkje bør gjerast noko også på Hagelsundbrua. For dei familieane som opplever at ein av sine avsluttar livet sitt med å hoppe frå brua, så er det dette sjølv sagt forferdeleg og vondt. Dersom ein kunne hatt fysiske tiltak – i alle fall gjort det ein kan for å hindre folk i å hoppe, så meiner eg dette kan vere av førebyggjande art. Ein kan nok aldri gardere seg 100 % mot alle farer, men eg tenkjer vi som samfunn må gjere det vi kan også med slike tiltak som hindrer klatring og hopping frå desse bruene

Har statens vegvesen vurdert fysiske tiltak på Hagelsundbrua for å hindre klatring og hopping frå brua? Kva kan gjerast for å forebyggje meir og hindre at folk hopper frå denne brua?

Svar på spørsmålet

Statens vegvesen er informert om dei uheldige hendingane med hopping frå brubana på Hagelsundbrua. Det pågår i desse dagar ei moglegheitsstudie for påhengt gang- og sykkelbane på Hagelsundbrua, og SVV vil i dette arbeidet også vurdere andre fysiske tiltak (sikringsgjerde) på brua. Grunna auka eigenlast og vindlast, vil ei etablering av eit sikringsgjerde medføre ei smalare G/S-bane enn utan, slik at endeleg løysing vil måtte vera eit kompromiss. Når moglegheitsstudien er klar med aktuelle løysingar, vil dette verte lagt fram for kommunen for saman å ta eit endeleg val for løysing.